

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.08.2014

**Kristian Helland** (KrF) sette fram slikt forslag:

«Forslag til endra vedtak:

I tråd med innstilling frå fagetatane i Bergen kommune stiller kultur- og ressursutvalet seg positiv til forslag til detaljregulering av Ytrebygda gnr. 107, bnr. 17, del av bnr. 21, 24 m.fl. Langeneset. Det vert vist til plankart sist datert 17.03.2014 med tilhøyrande reguleringsbestemmelsar datert/revidert 17.03.2014 med fylgjande endring: areal- og utnyttingsgrad vert redusert i samsvar med gjeldane kommuneplan.

Grunngjeving:

1. Det trengs fleire bustader i dette området av Bergen
2. Bydelen har mange arbeidsplassar, og fleire bustader i bydelen kan avgrensa arbeidsreiser innan Bergen by. Det er eit politisk spørsmål om ein skal betra tilgangen til kollektivtransport i området.
3. Det er god barnehagedekning i bydelen
4. Generelt er det viktig at det i Bergen by vert betre utnytting av aktuelle tomter med tanke på auka produksjon av bustader. Fortetting må vera ei viktig målsetting både i Bergen sentrum og i bydelane.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (Ap, Frp, V, H – Skadal, Slettebø) mot 3 røyster (KrF, H – Aadland, Lie) for Helland sitt forslag.

### Vedtak

#### 1 Samordna areal- og transportplanlegging

Planforslaget er i strid med kommuneplan både når det gjeld arealføremål og utnyttingsgrad.

Tilrettelegging for eit høgare antall bustader med dårleg tilknytning til stamlinjenett for kollektivtransport er i strid med viktige regionale mål for samordna areal- og transportplanlegging.

- Kultur – og ressursutvalet fremjar motsegn grunna manglande samordna areal- og transportplanlegging
- Areal og utnyttingsgrad må reduserast i samsvar med gjeldande kommuneplan.

#### 2 Friluftsliv

Kviturspollen er definert som er svært viktig regionalt friluftsområde.

- Kultur – og ressursutvalet fremjar motsegn grunna bygging i, og tett inntil særleg verdifullt regionalt friluftsområde.
- Areal og utnyttingsgrad må reduserast i samsvar med gjeldande kommuneplan.

#### 3 Konsekvensutgreiing

Reguleringsplanar som ikkje er i samsvar med kommuneplan krev større grad av opplysing og

konsekvensutgreiing enn andre planar. Kultur – og ressursutvalet ber om utfyllande

konsekvensutgreiing av arealdisponeringar som ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan.